



Faste medlemmer i Uskedal sokneråd i denne perioden har vore: Svanhill Haugland (leiar), Thor Inge Døssland, Eli Roseth Eik, Kristian Bringedal, Sigmund Myklebust og Ove Magne Myhre.

Uskedal sokneråd har starta arbeidet fram mot Kyrkjevalet 2019. Valdagen er 9. september. Det er same dagen som for Kommunevalet. Vala er samlokalisert, ikkje i same rommet, men på same plassen. Kyrkjevalet 2019 handlar om to val: Val til det lokale soknerådet og val til nytt bispedømeråd. Frist for innlevering av liste til nytt sokneråd er 30. mars. Alle som er medlemmer i Den norske kyrkja og som står i manntalet, er valbare. Alderen er 18 år. Røystrettsalderen er 15 år.

Uskedal sokneråd har 6 faste medlemmer og 5 varamedlemmer. I tillegg er soknepresten med i soknerådet. Soknerådet har i snitt 6 møte i året. Soknerådet har mellom anna ansvaret for konsertar, salmekvelder, temakvelder og det å vera kyrkjevertar, Arbeidet vert gjort i nært samarbeid med soknepresten, kantoren og Kyrkjeleg fellestråd ved kyrkjeverge. Dersom ein vil endra talet på soknerådsmedlemmer, må det gjerast før 1. mars.

Her kjem ei kort oppsummering om det formelle ved Kyrkjevalet 2019:

- Soknerådet er valstyret og skal godkjenna framlegg til namneliste
- Valnemnd: Svanhill Haugland, Thor Inge Døssland og Ove Magne Myhre
- Lista skal vera klar for innlevering innan 30. mars. Det skal vera minst 10 namn på lista. 40 % av dei skal vera kvinner. Lista skal avspegla den lokale medlemsmassen, mangfaldet og det lokale kyrkjelivet.
- Frå 10. august vert valet kunngjort, også med høve til førehandsrøysting fram til 1. september

Meir om sjølve valet måndag 9. september kjem seinare.

Nominasjonsnemnda vil ta kontakt med aktuelle kandidatar. Dette vert i fyrste omgang gjort ved skriv og seinare ved personleg kontakt. Soknerådet oppmodar alle om å vera positive til å stå på lista. Som medlem i Den norske

kyrkja har du høve til å koma med framlegg til namn på vallista.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Reidar Ådnanes